

Tilbyr båtførarprøve under Fjordsteam



FLORØ: På Fjordsteam 7. august har ein høve til å avlegge båtførarprøva, i tillegg til å oppleve gamle ervervverdige båtar på nært hald.

Fjordsteam har i samarbeid med «Båtskolen POSEIDON» ordna ein mogelegheit for å avlegge båtførarprøva laur-

dags ettermiddag under Fjordsteam.

– Dei som består prøva får utskrive det båtførarbeviset som no krevst for å føre båtar over 8 meter eller med meir enn 25 HK. Det er foreløpig fritak for folk fødd før 1980). Tida tillett diverre ikke at vi køyrer eit fullstendig båtførarkurs under Fjordsteam, men vi skal klare å få ordna

ein rask repetisjon før prøva slik at dei som føler seg usikre og vil ha repetert det viktigaste kan gå til prøva med godt mot, fortel Sander Ødelien i Fjordsteam-arrangementet i Florø.

Repetisjonen foregår på HAFLEN laurdag 7. august på ettermiddagen rett før prøvetakinga.



HAMMARBERG: John-Erik Hammarberg i aksjon. Foto: Einar Einbjellén.

Vil blåse nytt liv i munnspellet

Sogn og Fjordane Folkemusikklag ønskjer å blåse liv i munnspeltradisjonen i Norge. No blir det kurs i september i Naustdal.

Å bruke munnspellet til tradisjonsmusikk, dvs. gammaldans og folkemusikk, er på veg ut i Noreg.

– For 60-70 år sidan var munnspellet allemannslege. Ute på bygdene tinga folk munnspel gjennom Utstyrmagasinet som var dåtidas «nettbutikk». Munnspellet var lite og lett å ta med seg og framfor alt billig. Trekkspel og andre større instrument var dyre og uoppnåelege for mange, forklarar Einbjellén.

I Sverige derimot blir munnspeltradisjonen halde ved lag og er for tida sterkt veksende. Ein av dei som har æra for dette er riksspelemannen John-Erik Hammarberg frå Alsen i Jämtland, der han som unggut fekk inn munnspeltradisjonen direkte frå dei gamle munnspelmeistrane i området.

No ønskjer Sogn og Fjordane Folkemusikklag å «blåse» liv i munnspeltradisjonen i Noreg. For å få til dette blir det, i samarbeid med Naustedalen Spelemannslag, skipa til eit landsdekkande tradisjonskurs i Naustdal over to dagar i september, med John-Erik Hammarberg som instruktør. Kurset blir avslutta med spelemannsfest i Fosshalla laurdag 25. september.



RIVELØYVE? Heidi Dyrøy i Flora kommune vil ha ein grundig diskusjon med eigaren, Svein Nødseth, korleis eit nybygg vil verke inn på bybildet, før det kan vere aktuelt å tillate riving av Markegata 30. Endå eit hus med gammal florasjel i ? Foto: Olav Hatlemark

Vil rive typisk eldre Florø-hus

FLORØ: Svein Nødseth har gjennom eigedomsselskap Cornelia AS kjøpt eigedommen Markegata 30, og søkt om løyve til å rive via iVest Consult.

OLAV HATLEMARCK
olav.hatlemark@firadposten.no

Torleif Tytingvåg åtte huset som har stått tomt dei siste fem seks åra. Nødseth kjøpte huset av ei niese som arva det. I dag ber det noko preg av forfall. Men det har vore eit vakert hus med annesk til og med eit høg trapp opp til eit Florøty-

pisk inngangsparti mot Markegata.

Prosjekterer

– Eg vil i første omgang rive og så starte prosjekteringa av eit nybygg med ein gong. Målet er å bygge 5-8 husvære og tilby noko lokale til kontor, fortel Nødseth. Han har hatt arkitektar med seg for å vurdere tomta. Slik han ser det vil det verte alt for dyrt å vole huset og uråd å tene inn att det det vil koste å sette huset i stand.

–Vi må rive for å kunne utnytte tomta fullt ut. Eit anna moment for Nødseth er at Markegata skal rustast opp. Etter dei planane som har vore laga for gata vil det vere uråd å bruke

dagens inngangsparti som vender mot Markegata. Då må og mykje av det som er bra med dagens interior måtte byggast om.

Reguleringsplan

Han ønskjer å tilpasse nybygget til dagens reguleringsplan for området. Den har fortetting som eit ønskje og set grensa for byggehøgded ved fire etasjar og 12 meter.

– Vi har mange tomter i sentrum etter hus der eigarane har fått rive, men utan å realisere byggeplanar. Kan dette verte endå eit nytt ope sår i byen som kan bli liggande i mange år?

– Nei, Dei fleste prosjekt i sentrum som ikkje er realiserte



VIL BYGGE: Svein Nødseth.

er store prosjekt. Markegata 30 er eit lite prosjekt i denne samanhengen, og

mykje såleis mykje enklare å gjennomføre, svarer Nødseth. Byggesaksleiar Heidi Dyrøy i Flora kommune kan enno ikkje seie om kommunen kjem til å godkjenne rivingssoknaden. – Vi må gjere ei vurdering av kor viktig bygget er i bybildet. Her må eg og gå ein runde med grunneigaren. kunne utnytte tomta fullt ut.

London-kunstnar til Kalvåg

I midten av august inviterer Karin Flatøy Svarstad til akvarellkurs på Sommerakademiet i Kalvåg. Kurset blir denne gongen holdt av Jeane Haines frå London. Haines stiller ut sin akvarellkunst på galleri mellom anna i London og Dorset i England, i tillegg til å undervise i stilartern. Denne sommaren gir ho også ut si første bok om temaet. Les meir om Haines på nettsida jeanhaines.com.